

Til Runne Haugset

God jul.

Kalandseidet 12.12.2013

Til Kvinnherad Kommune

Gjeld reguleringsplan for ferjekai på Varaldsøy

Det var ein god reguleringsplan Akvator ved Lovise Vestbøstad hadde laga for ferjekai på Varaldsøy – det at det beste alternativet var å satsa på å utbetra ferjekaien me allerede har.

Det å satsa på utbyggjing i Skjelnesodden vil gje svært store naturødeleggjingar.

Konflikt med vanndirektivet. Det å ha ei slik perle som Glevika, ungar brukar den ikkje berre til å bada i, men og til å forska på livet i sjøen. Det har eg filma.

Når det gjeld skogen mellom Glevik og Hestevika, så er det gammal kalkfuruskog.

Kalkåra som går i land på Varaldsøy går i land på neset der. Skogen og neset der har det rikaste biologiske mangfaldet i Kvinnherad. Der er store, gamle furutre. Røtene bind mykje CO₂. Der er gamle leger, tre som er døde, og som er rike på sopp og lav.

Der er barlind, kristtorn og asal.

Det er svært rikt med blomar i kalkfuruskogen der. Det er ein eventyrskog, alle desse plantene finns der: Liljekonvall, Kublom, Rosebuskar, Linnea, Sannikkels, Myske, Vårmarihånd, Stortveblad, Grov nattfiol, Skjellrot, Blodstorknebb, Skogfredløs, Hjertegras, Murburkne, Bergfrua, Rosenrot, Raudsildre.

Hønsehaukreir er registrert i Skjelnesodden.

Havørn lever i Skjelnesodden. Der er Kvitryggspett, Tjeld og Måke lever der. Padde har dammar både inne i Glevika og Hestevika og ute på Gleviksneset.

Det å oppleva landskapet i Skjelnesodden – så reint – så heilt og med utsikt til det vakre alpine landskapet Melderskin og Ulvanosa. Har me lov å ødeleggja dette landskapet for etterkommarane våre, kan me berre skyta sundt dette landskapet og aldri få det tilbake?

No forsvinn biologisk mangfold like fort som for seksti millionar år sidan. Det skyldast no arealforvaltning og klima.

Det er difor viktig å ta hensyn der kor det går an.

Dagny Fuglø